



Statens vegvesen

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
16/5261-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.01.2016

Uttale til offentlig ettersyn – Kvalheimsneset serviceområde – gnr. 28 bnr. 63, 90 og 95 – Radøy kommune

Statens vegvesen viser til reguleringsplan for Kvalheimsneset serviceområde som vart sendt oss til offentlig ettersyn 13.01.2016. Frist for uttale til planen er 20.01.2016.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Opplysningar i saka:

Reguleringsplanen legg mellom anna opp til 40–50 fritidsbustader i området, i tillegg til servicefunksjonar og restaurant/fellesanlegg/konferansesenter og flytebrygger. Fritidsbustadene skal vere dels private og dels til utleige.

Marøyvegen, fylkesveg 414, har fartsgrense 80 km/t i dette området. Årleg døgntrafikk (ÅDT) er 350. Vegen er ikkje forkjørsregulert, noko ein må ta omsyn til ved planlegginga av krysset.

Merknader til planframlegget:

Kryssløysing

På bakgrunn av omfanget av utbygginga stilte vi krav om at avkøyring til området frå fylkesvegen skal utformast, og regulerast som kryss. Dette har konsulenten svart at dei har lagt inn i planen. Vi ser at utforminga ikkje er i samsvar med kriteria for uregulert T-kryss, jf. handbok N100 figur E7, tabell E3 og handbok V121 tabell 3.8. Sjå vedlagt prinsippskisse. Vi ber om at plankartet vert retta slik at intensjonen med planen vert innfridd.

Fortau

I vår uttale til oppstart sette vi krav om at det måtte regulerast inn fortau langs fylkesvegen fram til der det er fortau i dag. I planen er det lagt fortau i samband med krysset og nokre

meter i begge retningar. I retning sør–aust er det lagt til plangrensa til tilgrensande plan. I retning nord–vest stoppar det slik at største delen av arealet som grensar til fylkesvegen ikkje har regulert fortau.

Vi meinte i vår uttale til oppstart at det burde leggst inn rekkefølgekrav om etablering av fortau. Det er ikkje gjort. Bakgrunnen for dette er at det er vurdert slik at det vert uforholdsmessig kostnadskrevjande for utbyggjar. Vi meiner at kostnaden for dette ikkje er så stor at det ikkje kan realiserast når ein likevel har maskinar i anlegget.

Bakgrunnen for vår merknad er at fartsgrensa på staden er 80 km/t og Marøyvegen er smal. ROS–analysen skildrar at det er ein viss risiko for trafikkulukker. Risikoen for dette kan reduserast ved å bygge fortau.

Statens vegvesen tilrår at det vert regulert fortau langs fylkesveg 414 langs heile plangrensa. Det sikrar at fortau kan byggast når kommunen vurderer at det er trong for det, utan at ein då treng gå gjennom ein ny reguleringsprosess.

ROS–analysen

Formuleringa i ROS–analysen på punktet om trafikkulukker er vag. Her bør det inn at planområdet grensar til fylkesveg 414, Marøyvegen, i nord–aust, og at fartsgrensa på strekninga er 80 km/t. ROS–analysen skildrar stort sett tilhøva lenger inne i planområdet. ROS–analysen skal vise heile biletet.

Oppsummering:

Statens vegvesen har ikkje motsegn til reguleringsplanen slik han ligg føre. Vi meiner likevel at ein med enkle grep kan ta enno betre omsyn til trafikktryggleiken i planen. Vi ber og om at kryssløysinga i planen vert oppdatert i samsvar med vedlagt prinsippskisse.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing



Sindre Lillebø
seksjonssef

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.


PRINSIPPSKISSE UREGULERT KRYSS



Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikhinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for krysset:



Krav til lengdeprofil for kryss/sekundærveg:

